

Uttale regional kulturplan for Hordaland

Kvinnherad kommune har gått gjennom og vurdert innhaldet i Regional kulturplan ut frå det Kvinnherad kommune sitt perspektiv. Vi ynskjer å komma med følgjande innspel.

Innsatsområde 29: Tilgang til moderne og attraktive bibliotek

I kulturplanen står det mellom anna «Kulturpolitikken bør stimulere til at alle kar rimeleg nærleik til eit mobilt eller stasjonært bibliotektilbod, og det er eit mål i kulturplanen at det skal finnast eit bibliotektilbod på kvart senternivå i kommunane dvs. regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter.» Vidare peikar planen på at «bibliotek og bibliotekbygg skal vere med i ei samla vurdering av kva arenaer det er trong for i fylket». Det er ei målsetjing i planen å «støtta modellbibliotek, fornying av biblioteklokale, «meiropne» bibliotek og nye bibliotekbussar.

Kvinnherad kommune har eit godt drifta Folkebibliotek med stor aktivitet og godt besøk. Det er ei utfordring for kommunen å gje eit godt tilbod til alle innbyggjarane då kommunen består av svært mange bygder og lokalsenter og avstandane er for store delar av befolkninga stor til hovudbiblioteket. Bokbuss er eit godt verkemiddel for å gje innbyggjarane i kommunen eit godt tilbod. Kvinnherad kommune ynskjer at planen er tydeleg på at bokbussar bør vurderast på lik linje med andre lokale kulturbygg i høve søknad om spelemidlar og andre fylkeskommunale midlar til kulturbygg.

Innsatsområde 20: Lokalt kulturminnevern og museum

Planen har som målsetjing at det lokale kulturminnevern og museumsarbeid skal styrkast, av tiltak er mellom anna

- Å styrkje ordninga med bygningsvernkonsulentar.
- Etabler ordningar for å styrkje frivillig sektor og nye samarbeid om kulturarv

Kvinnherad kommune ser på positivt på at planen legg opp til å styrkje ordninga med bygningsverkonsulentar. Kommunen har fleire kommunale museum og museum som er drifta av frivillige. **Kvinnherad kommune ynskjer å spele inn at ei tilsvarande ordning som bygningsverkonsulent på områda utstilling og formidling vil bidra til å gjera dei lokale musea betre i stand til å utvikla seg og utvikla gode løysingar for formidling.**

Innsatsområde 24: Lokalhistorisk arbeid

Planen legg opp til å styrkje arbeidet med innsamling og digital formidling av stadnamn i Hordaland

Kvinnherad kommune har eit stort materiale med stadnamn. For å bevra dette og gjera dt tilgjengeleg har vi starta eit arbeid med å få dette kvalitesikra og formidla digitalt. **Kvinnherad kommune ser svært positivt på at planen legg opp til å styrkja arbeidet med innsamling og digital formidling av stadnamn i Hordaland. I dette arbeidet ynskjer Kvinnherad kommune særleg at det vert satsa på fagleg rettleiing ovanfor kommunane på dette området.**

Innsatsområde 39: Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Planen legg opp til at «Friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar». **Kvinnherad kommune ynskjer å peika på at det er viktig at ein her ser på lokale forhold og ikkje utelukkande på kva type anlegg det er søkt om. Kvinnherad kommune merkar ein auke i søknader om mellom anna turveggar og turstiar, samstundes har kommunen like stort om ikkje større behov for å få gode nærmiljøanlegg i bygdene. Ei konsekvent prioritering av friluftslivanlegg føre andre anlegg i Hordaland fylkeskommune vil kunna føra til ei endå lengre ventetid for frivillige lag og organisasjonar som arbeidar med anlegg som kommunen har stort behov for. Kvinnherad kommune ynskjer å peika på at kommunal prioritering bør vega tungt også når det er søkt om anlegg for friluftsliv.**

Planen legg opp til at «alle kommunar som søker får tildelt midlar til minimum eit nærmiljøanlegg, og om lag 50% av nærmiljøanlegga skal få tildeling». **Kvinnherad kommune er ein langstrakt kommune. Vi har om lag 13 000 innbyggjarar og 18 skular. For mange av desse skulekrinsane er det lang reisetid til ordinære anlegg og behov for gode nærmiljøanlegg. Kvinnherad kommune ser at dersom ein bare tar omsyn til at alle kommunar skal få tildelt spelemidlar til eit anlegg og ikkje tar omsyn til geografiske utfordringar vil Kvinnherad kommune, og andre kommunar med tilsvarende geografiske utfordringar, få eit etterslep på utvikling av gode nærmiljøanlegg samanlikna med kommunar som har færre lokalsenter som der det er naturleg å plassera nærmiljøanlegg. På bakgrunn av dette ynskjer Kvinnherad kommune å peika på at geografiske utfordringar i kommunane også bør vera med i vurderinga når spelemidlar skal fordelast.**